



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
7.2.2013	2013/1827	Morten Larsen

<b>Saksnr</b> <b>3/13</b>	<b>Utval</b> Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	<b>Møtedato</b> 15.2.2013
------------------------------	---	------------------------------

## HMS-ÅRSRAPPORTERING 2012

I samsvar med HMS-systemhandboka, modul 5, skal driftseiningane årleg rapportere HMS-status i eininga per 31.12. Driftseining blir i denne samanhengen nytta som samleomgrep for alle organisatoriske nivå som er ansvarleg for å følgje opp HMS-systemhandboka sine krav til eit systematisk HMS-arbeid heimla i arbeidsmiljølova § 3-1 og internkontrollforskriften.

HMS-årsrapporten skal bidra til å:

- kartlegge kva for standard driftseiningane har i høve til HMS-krav som er fastsett i lover, forskrifter og fylket sine eigne retningslinjer
- analysere avvik frå standard
- prioritere tiltak

HMS-årsrapporten dekker samtidig arbeidsmiljølova § 7-2 (6) sitt krav til årsrapport for arbeidsmiljøutvala.

Alle 5 tannhelsedistrikt har levert årsrapport. Rapport frå fylkestannlegens kontor inngår også i vedlagte samanstilling av rapportane.

./. Den vedlagte HMS-årsrapporten er ei oppsummering av rapportane frå alle driftseiningane i fylkeskommunen. Rapporten beskriv hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i tannhelsetenesta og gir signal for det vidare forbetningsarbeidet.

Følgjande element inngår i årsrapporten frå driftseiningane:

1. Status på driftseininga sitt systematiske HMS-arbeid
2. Status på HMS-resultatmåla som er gitt av fylkesrådmannen
3. Status på arbeidsmiljøfaktorane og avvik med dokumentasjon
4. Statistisk informasjon om HMS-arbeidet (sjukefråver, arbeidsulykker, rehabilitering, uførestønad, AFP).
5. Signal for vidare arbeid med HMS

### Forslag til vedtak:

SAMU-T tar HMS-årsrapport 2012 for tannhelsesektoren til vitande.

Anthony N. Valen  
Fylkestannlege

Morten Larsen  
Kontorsjef